

Årsmelding 2016

Leiar: Magnar Barmen, 1.vara fellelråd

Nestleiar: Kirsti Stave Stevik, medlem fellelråd, trusopplæring

Skrivar: Sylvi Olson, 2.vara fellelråd, diakoninemnd, KN varakontakt

Kasserar: Hilde Vik Gloppestad, trusopplæring

Medlem: Anne Marie Aarvik, diakoninemnd

Medlem: Åge Ervik, medlem fellelråd, KN kontakt

Medlem sokneprest Kari Leine Balog

Varmedlemer: Karina Årvik , Geir Ervik, Oddvin Honningsvåg og Ivar Hoddevik

Årsstatistikk for Den norske kyrkja viser at det vore halde 21 gudstenester med 1189 deltakar, det var 4 konfirmantar

Soknerådet har hatt 5 møter og handsama 32 saker.

Kyrkjelydens årsfest vart halde 6. mars, med kaffi, kaker og utlodding.

Det stod att litt arbeid med det elektriske i høve kameraet som er installert, dette vart gjort ferdig av Eid elektro.

Heller ikkje dette året var det vegkyrkje grunna økonomien

Jonfred Ervik ynskte medaljen han fekk i høve jubileet kunne verte gjeve til slik at alle som var med på redninga etter Santkt Svitun også kunne verte minna.

Dagfred Berstad tok på seg å ramme den inn og no heng den i gangen.

Kledninga mot vest var sliten og fleire stader var det hol gjennom veggen. Dette vart teke opp i fellelrådet, der det vart gjeve midlar til å skifte kledninga.

Arbeidet vart effektiv og godt utført av Rolf Stave.

Det skal veljast leiar mellom medlemmane i soknerådet kvart år og Magnar Barmen vart vald til å halde fram.

Før jul var det Julekonsert med frisk bris 7.des og salmekveld 15 desember, før vi song jula inn juleaftan. Det kom fram at det var 30 år sidan vi byrja å synge jula inn, vi fann det då høveleg å gje Per Stave ein blome for innsatsen.

Det har vore halde strikkekafe på bygdehuset, frammøtet har variert mellom 8 og 13 strikkeglade.